

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.06.2015

Pål Kårbø gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. **Kristian Helland** gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem same stad. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Tom Sverre Tomren stilte spørsmål om han var ugild sidan han er varamedlem i styret for Nordhordlandspakken AS. Han har ikkje møtt i styret. Fylkestinget vedtok samrøystes at Tom Sverre Tomren ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Tomren gjekk frå under røystinga.

Tom Sverre Tomren sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkestinget påpeker at Norhordlandspakken medfører økt biltrafikk og er dermed i strid med klimaplanen. Fylkestinget vil derfor si nei til Norhordlandspakken i sin nåværende form og tilrår Norhordlandskommunene å utvikle en pakke med større vekt på kollektiv, sykkel og gangveier."

Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 10 røyster (Frp, MDG).

Vedtak

Fylkestinget sluttar seg til det justerte opplegget for Nordhordlandspakken med auka investeringsramme på 200 mill. kr (fordelt med 115 mill. kr til bruk i Lindås og 85 mill. kr til bruk i Meland) og omprioriteringa av prosjekta - slik det er omtalt i brev frå Statens vegvesen frå 10.04.2015. Den fylkeskommunale økonomiske ramma i Nordhordlandspakken vert auka frå 230 mill. 2013-kroner til 259 mill. 2013-kroner.